



## Styringsgruppa

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/339 - 16/30117

Saksbehandlar:

Trude Langedal

trude.langedal@lindas.kommune.no

Dato:

17.11.2016

## Kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen, referat frå møte i styringsgruppa 18.oktober 2016

**Stad og tid:** kantina i rådhuset kl. 12:00 til 16:00

**Til stades frå styringsgruppa:** Ståle Juvik Hauge, Sæbjørg H. Kjeka, Hogne Brunborg, Ingrid J.Fjeldsbø, Karl Vågstøl, Andreas Dyngen, Malin Helene Knutsen, Jørgen Herland, Olav Myhr

**Forfall:** Bent Risøy, Gro Anita Høgquist (vara kunne ikkje møta)

**Til stades frå administrasjonen:** Frøydis Ones, Trude Langedal, Eli Bjøklid,

Tilstades i deler av møtet; Kristin Nielsen, Line Thuen Waage, Christian Reinshol, Hogne Haugsdal

Dagsorden vart sendt ut før møtet.

**Kort innleiing** v/ Trude Langedal. Prosessen med KDP starta opp våren 2015 der det mellom anna var idedugnad med førre plan-og miljøutvalet. Møtet i dag er ny oppstart av planarbeidet med nytt plan- og miljøutval.

**Universell utforming og kvalitet i boliger og bomiljø** v/ Tina Therese Larsen frå Husbanken vest. Universell utforming i utvida forstand, menneske med redusert funksjonsevne med hensyn til bevegelse, orientering og overfølsomhet ovenfor luftforurensninger og materialer. Det som er naudsynt for nokre er godt for alle. Det meste av bygningsmassen er allereie bygd, utbetring av eksisterande er viktig. Eksisterande bustadar må gjerast meir tilgjengelege berre ti prosent av bustadane er tilgjengelege for rullestolbrukara

Trygg og god bustad, fleire kan bu heime lengre, god samfunnsøkonomi og betre livskvalitet for den enkelte. Husbanken gjev tilskot til etterinnstallasjon av heis for at folk skal kunne bu lengre heime, har vore effektivt. Forståelse for brukaren er viktig. Utforming som gir merverdi.

Universell utforming-tre nivåer; A. Universelt utformet bustad, B. Livsløpsbolig, C. Bolig forberedt for universell utforming. Tek 10 er minstekrav.

---

### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



### **Tema som vart teke opp i samband med presentasjonen:**

- Hus som ikkje er tilrettelagt for rullestol, støtte i husbanken berre for husbankhus? Reglar?
- Husbanken viser til Veileder for Husbankens grunnlån, ikkje gamle standardar vert lagt til grunn, alle kan søkje. Ikkje så mykje som skal til for å få grunnlån hjå Husbanken.
- Korleis stimulere utbyggjarar til å byggje iht prinsipp for universell utforming? sett i forhold til at det gjer prosjekta dyrare og det er stor motstand i bransjen
- Viktig å få lokale piloter, kanskje få boligprosjekt med blanding, er mange andre forhold som spiller inn. UU skaper meirverdi, ei vaksande gruppe eldre i framtida, fleire vil bu heime=> UU blir pluss.
- Forskjellig føresetnad for å kunne byggje med UU, store terrengforskjeller gjer det utfordrande å tilretteleggje for UU.
- Plassering er viktig, gir meirverdi til bustadane, kan gje tilkomst til nokre av bustadane i eit felt td. Viktig å syte for gode lystilhøve.

### **Landbruk i kommunedelplanen for Alversund og Knarvik v/ Eli Bjørklid**

Norge har 3% areal til matproduksjon. Innanfor planområdet er det 1000 mål dyrka mark og beite. 10 000 mål er sett av til LNF. Landbruksareal er noko eige i seg sjølv; kulturlandskap, historieforteljande, tradisjon, rekreasjon og matproduksjon. Ikkje berre ei arealreserve.

### **Utfordringar for landbruksareal:**

- Under press frå private, lokale, regionale og nasjonale til utbygging
- Fragmentering, andre interesser som stykker opp landbruksareal
- Urbanisering, setralisering og fortetting
- Kortsiktig, men høg gevinst ved utbygging
- Landbruk er noko langsiktig i ein verden der alt har korte perspektiv.

### **Mulighet for å ta vare på landbruket?**

- Produksjon av mat (bynært landbruk) kan kulturlandskapet være en del av parken?
- Orke å la eit areal ligge brakk
- Parsellhage, skulehage, partshage
- Landbruk som park
- Grøne lunger
- Grøne drag i landskapet

### **Særlig viktige område som treng omsorg i planprosessen**

- Alversund/Tveiten/Kvamme / Erstad
- Isdal
- Gjervik

### **Tema som vart teke opp i samband med presentasjonen**

- Landbrukseigedommar som ikkje vert drive gror igjen, ser ikkje fint ut, vil det ikkje være betre å opne for utbygging?
- Etter lovverket skal all jord være i hevd, landbruksmyndighetene kan pålegge drift. Maten me produserer i Norge vert rekna som dyr, dette kan endrast over tid. Enig at atgrodd areal ikkje er fint, men det er allikevel viktig og ikkje byggje det ned. Kanskje andre løysingar; parsellhagar, andelslandbruk el.

- Spannande å bruke arealet på ein annan måte, men kva skjer når farge er komme på?
- La grunneigarane meine noko før fargane er komme på kartet, eige møte med grunneigarane. Kommunen lar seg informere, men må og tydeleggjere at grunneigarane ikkje vente berre ei utskilt tomt td.
- «bygdas våpenføre menn», viktig at ein vert einige om prinsippa og stå i mot når tiltak i strid med dette kjem opp.

### **KDP Knarvik – Alversund med Alverstraumen v/ Trude Langedal**


Arbeidet starta opp i 2015, med mellom anna oppstartsseminar med førre PMU

Planarbeidet ligg inne i planstrategien med tidsplan 2016-2018

### **Oppsummering av tema frå KDP- prosessen våren 2015:**

- Byggja opp kring Regionsenteret Knarvik, Knarvikplanen
- Avgrensa bustadutvikling ikkje store nye bustadområder(støtta opp kring Knarvikplanen/regionsenteret)
- Kulturbygg i regionsenteret
- Vurdera behov for areal til offentlege bygg (auke i folketal)
- Strategi for fortetting, kvalitet i bustadområde
- Samordnda areal og transport
- Kor skal det opnast opp for fortetting?
- Næring ut av Knarvik sentrum, kvar skal den lokaliserast? Nye næringsareal?
- Landbruk- jordvern/utbygging
- Markagrensa / omsynssone– avgrensing og status - vurderast for heile området – (utarbeide retningslinjer – føresegner)
- Folkehelse, fremma folkehelsa gjennom plan, utvikla gode lokalsamfunn som kan bidra til å skape en betre kvardag for folk
- Kyststien(strandstien) – regulere inn – fastsette trasé
- Styrkje tilknytning til sjø for regionsenteret
- Badeplassar
- Sjøliv – båtliv - fiskeplass – hamner - i tilknytning til Kyststien
- Nye naustareal
- Indre farlei – utviklast til båt og friluftsliv
- Samanhengande grøntstruktur(ta vare på/ vidareutvikle blågrønne struktur) - leggja til rette for friluftsliv – registrera eksisterande grøntområde/ leikeplassar/ regulerte grøntareal mm/
- Gangvegar- snarvegar – utarbeide folketrakk - analyse
- Sykkelvegar – utarbeide sykkelstrategi
- Kollektiv transport, innfartsparkering, kobling med gang/sykkel
- Infrastruktur, trafikkvurdering
- Kommunedelplan E 39
- Utviding av planområdet
- Samordne utviklinga med nabokommunane – planleggje for ein kommune
- Korleis verkar gjeldande plan? Evaluering av føresegner/retningslinjer

Administrasjonen la fram kart med utvida plangrense etter innspel frå utvalsleiar:



**Tema som vart teke opp i samband med presentasjonen:**

- Ein bør følge same avgrensing mot nord som reguleringsplan for Fv 404, få med flyområdet på Erstadfjellet, sikra turområde rundt Knarvik mm, ta med meir ift Stegane? Tenkje omsynssone, gje meir vern, mindre press, Fosse, kan verte aktuelt.
- Minimum utviding er avgrensing i sjø, som vist
- Må ha med Erstadfjellet
- Nordover er det godt jordbruksareal, fleire har ønskje om å byggje ut. Ligg ikkje lett tilgjengleg for gange / sykkel til Alversund. Grunn til å være restriktiv m.o.t. kor langt nord ein går.
- Gladhaug og Åse; regionalt friluftsområde. Mange gule omr. langs Fv 404 pr dags dato
- Kvamme/ Erstad, mange som driv godt her, frå vegen til Fosse og nordover er det berre landbruk
- Ved utviding av plangrensa kan ein vurderer å verna dei gode landbruksområda
- Vurdera å ta ut gule omr. av planen
- Meirarbeid å ta inn større område i planen
- Grense ved ytre Fosse, møte med grunneigarane ha mulighetspresentasjon som grunnlag for dialog
- Me veit at det er mange langs Fv 404 som ønskjer å byggje ut
- Dersom me er tydelege i målsettingane for planarbeidet er det lettare å vurdere innspela
- Alversund bru, avgjernade kor den kjem
- Det er utarbeidd mulighetsstudie, intensjonen har vore å bruke den som innspel til KDP
- Mange innspel til store bustadområde i førre planprosess, kan vente at dei same innspela kjem att.

- Ha god diskusjon i planarbeidet knytt til bustader, skal det fortettast? Kva med store utbygde godkjente reguleringsplaner? Fv 565 mest belasta lokalveg
- Må vurdere nøye kor byggje ut bustadar, om bustadfelt og kor fortetting.
- Potensialet som ligg i Knarvikplanen er ca 2000 nye bueiningar, i Lonena mellom 800 – 1500 bueiningar og Flatøy inntil 3000. x 2,4 pr hushand = inntil 15 000 nye innbyggjarar
- Få oversikt over talet på bustader som ikkje er bygd ut. Oppdatere grunnlag for bustadprogrammet Potensialet for bustadar i eksisterande planar sett i samanheng med forventa vekst i folketalet er ei viktig analyse som må gjerast

Barriere, områder som grunneigarar ønskjer å byggje ut. Korleis kan det eventuelt gjerast:

- Tveiten bhg/ Kvamsbrekka
- Gjervik
- Isdal
- Alversund bru

Emne bustad må være med i planarbeidet; vurdere å ta ut gule område som ikkje er bygd ut Gjere vurderingar for kva som skal liggje til grunn.

- Potensialet for bustadar i eksisterande planar sett i samanheng med forventa vekst i folketalet er ei viktig analyse som må gjerast
- Sjå til det som vert planlagt på Flatøy og koordinere
- Bygge opp om regionsenteret, må tenkje stort – friluftsbuen.
- Tenkje infrastruktur inn i vurderingane
- Kyststien må sikrast gjennom heilskapleg plan, no vert han planlagt og bygd ut stykkevis og delt, dette er ikkje ei god løysing; den kan detaljregulerast evt. laga ein plan for heile traseen og være i dialog med grunneigarane om traseval og påkoblingspunkt.
- Å sikre naturområda er viktig, i tillegg må ein ta vare på forbindelsen mellom bustad og naturområde, det må være mogleg å gå på tur utan å køyra bil til eit turområde.
- Lista over tema er for lang, bestem oss for ferre tema. I framdriftsplanen som vart presentert er neste møt i midten av desember, må ha møte før dette
- Meland og Radøy må inviterast inn i prosessen.

#### **Gjennomgang av temalista:**

- Bustad - evt ta ut bustadareal, område som ikkje er vorte utbygd
- Kulturhus – ikkje tema for dette planarbeidet
- Setje grense for fortetting. Kor og korleis
- Sjø, samla i eitt punkt
- Næring, med som tema
- Kyststien, med som tema, fokus sikre gjennomføring

- Landbruk er med som tema i planarbeidet

Fleire av punkta på lista kan samlast i eit punkt/ tema. Det er viktig med ein gjennomgang av gjeldande plan, kva har fungert og kva har ikkje fungert.

**Til neste møte:**

1. revidert forslag til avgrensing av planområdet
2. revidert liste over tema som skal takast opp (med bakgrunn i lista frå 2015)
3. forslag til målformulering for tema som skal vera med i planarbeidet

**På neste møte vil administrasjonen gje ein kort presentasjon av nokre viktige tema i planarbeidet:**

- Folkehelse i plan
- Næring innanfor planområdet
- Gang – og sykkelforbindelser, korleis tilrettelegge for mjuke trafikantar

Med helsing

Frøydis Ones  
konst. avdelingsleiar

Trude Langedal  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*